



TID	30. SEPTEMBER – 2. OKTOBER
STAD	BERGEN
LOKALE	TEVLING: GIMLE / BERGEN KULTURSKOLE / KODE
LOKALE	FESTLEG SAMVERE: GIMLE
OVERNATTING	HOTELL HORDAHEIMEN
ARRANGØR	BYGDEDANSLAGET I BJØRGVIN, SPELEMANNSLAGET FJELLBEKKEN, BERGEN UNGDOMSLAG ERVINGEN
DELTAKARAR	160
DELTAKINGAR	216
STARTNUMMER	90
ØKONOMI	OMSETNING: KR 130 000, RESULTAT: Kr 80 000

HOVUDNEMND

KAPPLIKSLEIAR	RAGNAR BIRKENES
NESTLEIAR/TEVLING/PROGRAM	BRIT SØRLAND
TEVLING/PROGRAM	ARNVID UNDERLID
TEKNISK/LOKALE	JOHN HAUGEN
ØKONOMI	TORBJØRN HAUKÅS
SPONSING/PREMIERING/TEVLING	IDA MARIE ROGNSVÅG
PR	RAGNAR BIRKENES/IDA MARIE ROGNSVÅG/ARNVID UNDERLID
FRIVILLIGE	BRIT SØRLAND
MAT	RIGMOR NESHEIM VAULAR / ELI RANDMO / JORUNN HAUKÅS

Innhald

1	Bakgrunn	4
1.1	Praktisk organisering	4
1.2	Visjon	4
1.3	Måloppnåing.....	4
2	Kappleiksleiar	5
2.1	Samarbeid eksternt og internt	5
2.2	Kappleikshelga	5
3	Program.....	5
3.1	Planlegging	5
3.2	Fredag kveld	5
3.3	Laurdag kveld	6
3.4	Kappleikspub	6
4	PR.....	6
4.1	Mål og rammer	6
4.2	Flygeblad	6
4.3	Elektronisk formidling.....	6
4.4	Direkte kontakt.....	7
4.5	Kontakt med media	7
5	Tevling	7
5.1	Mål og rammer	7
5.2	Planlegging	7
5.3	Påmelding.....	8
5.4	Klassar / deltakarar.....	8
5.5	Gjennomføring	9
5.6	Dansespel om kveldane.....	9
6	Sponsing og premiering.....	10
6.1	Sponsorarbeid og annonsar.....	10
6.2	Premiar	10
7	Mat og servering	11
7.1	Gimle fredag og laurdag	11
7.2	Kulturskulen laurdag.....	11
8	Teknikk og lokale	12
8.1	Førebuing.....	12

8.2	Rigging før arrangementet	12
8.3	Arrangementet	12
9	Økonomi	13
9.1	Arbeidsoppgåver	13
9.2	Mål for økonomisk resultat	13
9.3	Budsjett	13
9.4	Budsjettarbeidet utover i perioden	14
9.5	Billettsal	15
9.6	Resultat	15
9.7	Praktiske erfaringar	16
10	Oppsummering	17

1 Bakgrunn

1.1 Praktisk organisering

Bygdedanslaget i Bjørgvin fekk seinhaustes 2015, spørsmål frå Hordaland Folkemusikklag: Kunne vi ta på oss å arrangera Vestlandskappleiken 2016? Vi svara ja under føresetnad av at Spelemannslaget Fjellbekken og Bergen ungdomslag Ervingen ville vera med. Dei svara også ja, og vi hadde vårt første møte 21. desember 2015.

Utfordringa med å arrangera Vestlandskappleiken i Bergen er å finna ein høveleg tevlingsstad. Skular er ofte vanskelege å nytte til formålet, og hotell vert for dyrt.

Kappleksnemnda vart samde om å ha møte 1 gong per månad fram til og med juni. Vi ville ta til att med faste møte frå august, og i september møte kvar veke.

Vi starta arbeidet i nemnda med å sjå på arrangements- og tevlingsstader. Gimle peika seg ut som den aktuelle scenen for opning av kappleiken, opningskonsert og dansekeldar. Årsaka til at ikkje heile kappleiken kunne gå i Gimle, var for få øvingsrom.

Som tevlingsstad, vart det snakk om skular andre alternative lokale, men då det kom forslag om Bergen Kulturskole og samordning med KODE, vart dette staden vi gjekk for.

Vi vart også tidleg samde om at tidspunktet for kappleiken ikkje skulle vera ei helg rundt haustferien for skular, og vi valde difor helga 30/9 – 2/10 som kappleikshelg, før haustferiane tok til.

Då hovudnemnda vart vald, var det ikkje nokon som peika seg ut som fast skrivars, og vi vart samde om å skriva referat frå møta etter tur. Referat vart sendt ut etter kvart møte.

1.2 Visjon

Vi hadde eit ønskje om å lage ein flott kappleik midt storbyen der alle fekk inntrykk av at det er eit levande og godt folkemusikkmiljø i Bergen, ein kappleik der ein kunne vise fram tradisjondans og spel for eit breitt publikum og utøvarar. Vi ville gjerne laga eit arrangement som famna alle tevlingsklassar – også runddans og sjokoladekappleik. Samstundes måtte vi vera strenge når det galdt tidsfristar for påmelding.

1.3 Måloppnåing

Alt i alt fekk vi gjennomført ein god kappleik, alle tilbakemeldingar tyder på at folk hadde det hyggeleg og høyrd gode framføringar.

Når vi ser på vanskane som synte seg heilt fram til tevingane starta klokka 11.00 på laurdagen, meiner vi at resultatet vart betre enn føresetnadane.

2 Kappleiksleiar

Å ta på seg oppgåva som kappleiksleiar handlar om å vera eit kontaktpunkt for alle som er involverte i arbeidet med prosessen rundt Vestlandskappleiken. Ein god start her er at deloppgåvene som skal løysast, har dei beste folka som ansvarlege.

Kappleiksleiar kallar inn til møte, og sikrar at alle får info om arbeidet, samt prøver å gje innspel der det høver.

Vestlandskappleiken 2016 hadde ansvarsmedvitne og dyktige folk til å løysa oppgåvene som skulle gjerast, det var difor ei grei oppgåve å vera kappleiksleiar.

2.1 Kappleikshelga

Under kappleiken er det viktig at leiaren er synleg og tilgjengeleg for alle – både arrangørar og publikum. Ein god måte å oppnå det er til dømes: Som konferansier, dela ut deltarpremiar for juniorar, rigging, henta domarskjema og elles delta i oppgåver som krev løysing der og då.

Alle i hovudnemnda gjorde ein framifrå god innsats i dette – gode tilbakemeldingar stadfester det.

2.2 Samarbeid eksternt og internt

Vi var kanskje ikkje flinke nok til å dra vekslar på Fylkeslaget i prosessen. Det er viktig at vedtekter og annan informasjon er førelagt kappleiksnesnemnda på eit tidleg tidspunkt. Heldigvis var ikkje våre planar for kappleiken så langt unna det som stod i vedtektena då dei vart førelagde nemnda.

I hovudnemnda hjå oss var det slik at arbeidsnemndene var sjølvstyrte, og mykje av løysingane vart ordna på e-post. Dette gjorde at vi på møta i hovudnemnda, kunne bruka tida til å syta for at me heldt tidsplanen, at alle i nemnda var orienterte om kva som var gjort, og kva som måtte vera klart til neste møte. På møta vart det utveksla informasjon, gjort vedtak og sett tidsfristar. Mellom møta vart det utveksla mykje informasjon på e-post mellom medlemmene i nemnda.

Arbeidet i hovudnemnda hjå oss gjekk godt - me var på "bølgjelengde"! Godt samarbeid er alltid viktig, og når ein skal løysa oppgåver som ikkje er daglegdags, gjer det alt lettare. Som leiar er det naudsynt at alle i nemnda føler at dei når fram med synspunkta sine.

3 Program

3.1 Planlegging

Vi la stor vekt på å ha godt tilbod om dansespel i kveldsarrangementa. Samstundes ville vi gje plass til ein konsert der vi kunne presentere lokale heltar, og vi måtte sette av tid til premieutdeling og utdeling av minnepris.

Vi drøfta om det var rom for runddanstevling i vårt stramme tidsskjema, og fann ut til at vi ville sette av tid mellom konsert og dansespel på fredag kveld.

3.2 Fredag kveld

Kveldsprogrammet starta med høgtideleg opning ved varaordførar Marita Moltu. Deretter heldt Maria Skjeldrum Toppe og Kristoffer Kleiveland ein flott konsert for oss. Etter ein liten pause var det runddanstevling med to oppsett, 3 par i kvart oppsett og 4 dansar. Til slutt var det dansespel fram mot midnatt

3.3 Laurdag kveld

Kvelden starta med dansespel. Etter ein times tid var det utdeling av Audhild Flaktveit Moxnes sin minnepris, som i år gjekk til hardingfelespelen Kjersti Kindingstad Vågen frå Kvam i Hardanger. Deretter var det premieutdeling, og dansespelet heldt fram til midnatt og vel så det.

3.4 Kappleikspub

Kveldsarrangementa vart haldne i lokala til Bergen Ungdomslag Ervingen, som har som prinsipp at arrangementa i deira lokale skal vere rusfrie. Då måtte vi finne ei anna løysing for kappleikspub. Det er tett med pubar i nærleiken, og vi fekk ein god avtale med den nærmeste. Vi tykte det var viktig å ha rusfrie kveldsarrangement, mellom anna av omsyn til barn og unge, samstundes som vi skulle ha eit alternativt tilbod for dei som ville bruke det.

4 PR

4.1 Mål og rammer

Informasjonsarbeidet tok sikte på å nå 3 målgrupper: Potensielle deltagarar, publikum og frivillige. Vi måtte planlegge ut frå trønge økonomiske rammer, fordi inntektssida såg svak ut då vi la planar.

4.2 Flygeblad

Torbjørn B. Lauen frå Bergen ungdomslag Ervingen utforma flygebladet. Han kom med utkast til flygebladet som så vart diskutert i nemnda, og justert etter vårt ønske. På den måten kom vi rimeleg frå det samstundes som vi fekk den utsjânaden vi ønskte. Flygebladet vart trykt hos Bergen ungdomslag Ervingen, og vi sparte dermed ein del midlar. Flygebladet var ferdig før sommaren, og vart delt ut av medlemmene i kappleksnemnda, først og fremst på kappleikar og festivalar, men og andre stader vi fann aktuelle.

Formålet med flygebladet var å spreie merksemd om kappleiken, først og fremst gjennom «direktesal», men og gjennom at informasjonen låg synleg der interesserte ferdast.

Vi valde å ikkje annonser i folkemusikkbladet av fleire årsaker. Den fyrste var at bladet ville bli utgitt for tett opp til kappleiken, og påmeldingsfristen ville allereie ha gått ut. Den viktigaste årsaka, var at vi følte at vi hadde nådd målgruppene. Dessutan er det dyrt med annonsar.

4.3 Elektronisk formidling

Vi la tidleg ut informasjon om kappleiken på nettsida til kappleiken, som denne gongen var å finne under HFL si heimeside. Meir informasjon vart lagt ut etter kvart som vi hadde meir å formidle. Det vart lagt ut informasjon om kappleiksarenaer, overnattingsstader, tidspunkt for kappleiken og kvar deltagarane kunne melde seg på.

I tillegg til nettsida, oppretta vi ei hending på Facebook som informerte om påmelding til kappleik og dansespel, dommarar, program med meir som eit supplement til nettsida. Mykje av den same informasjonen vart lagt ut begge stader. Fordelen med Facebook er at informasjonen som vert lagt ut, kjem direkte til mottakar.

Vi oppdaterte både nettsida og Facebook med jamne mellomrom, med meir informasjon dei siste perioden då deltarlistar og liknande var klare. Vi fekk også FolkOrg og fylkeslaga til å marknadsføre kappleiken på sine sider.

4.4 Direkte kontakt

Medlemmene i kappleksnemnda brukte og mykje tid på å drive med «innpisking», både gjennom personleg kontakt og ved å nemne arrangementet der vi hadde høve til det. Vi erfarte at personleg kontakt har mykje å seie, og det er enklare å få nokon til å kome gjennom personleg kontakt enn det er til dømes gjennom ein e-post.

4.5 Kontakt med media

I vårt tilfelle valde leiaren ut tre ulike media som målgruppe.

- NRK Hordaland : omtale og musikalsk innslag
- BT: Vestlandet si storavis for å nå ut til flest mogeleg
- Bergen Kommune: Høgtideleg opning av kappleiken

Vi nådde ikkje fram korkje i NRK eller BT. Lærdomen må vera at ein må ta personleg kontakt for å overtyda.

Frå kommunen ville ordførar Marte Mjøs Persen gjerne stilla, men tidspunktet høvde ikkje. I staden kom varaordførar Marita Moltu og føretok ein hyggeleg og fin opning, og var til stades på opningskonserten.

Under kappleiken var folkemusikk.no på besøk og skreiv ein reportasje frå helga <http://folkemusikk.no/glimt-fra-vestlandskappleiken-2016/>. Dei hadde også ei flott fotoutstilling i Gimle under kappleiken. Reportasjen deira var vi svært nøgde med, og vi syntest det var kjekt at dei ønskte å skriva ein reportasje frå helga, det er trass alt 120 år sidan Vestmannalaget arrangerte den første Lanskappleiken i Bergen.

5 Tevling

5.1 Mål og rammer

Målet var å legge til rette for så breitt tevlingsprogram som mogeleg innanfor den tidsramma som ei helg set, og med det vi kunne spele på i dei lokala vi valde.

5.2 Planlegging

Vi brukte litt tid på å drøfte kva klassar vi skulle legge til rette for ut frå kva vi hadde tid og rom for. Det enda med å legge til rette for fullt program innanfor dei «tradisjonelle» klassane. I tillegg satsa vi på skipe til runddanstevling for par.

Då vi i august kom over vedtekten for Vestlandskappleiken, viste det seg at vi kunne ha spart oss litt tenkearbeit, men og at vi hadde treft godt med det vi hadde planlagt.

Vi bestemte oss og for å krevje førehandspåmelding, slik at vi kunne lage ein god detaljplan for gjennomføring. Dette var svært avgjerande for å kunne setje opp detaljerte startlister. Vi måtte ta omsyn til kva øvingsrom som var tilgjengeleg, og vi måtte legge opp løpet slik at alle med fleire deltakingar skulle få høve til å gjennomføre på ein god måte.

Det praktiske arbeidet med å setje opp startlister, dugnadslister og program vart utført siste veka før kappleiken. Det var først då vi klarte å samle alle trådar slik at dette vart mogeleg. Det var nok tid til å bli ferdige i tide, men heller ikkje meir.

5.3 Påmelding

Vi valde å bruke FolkOrg sitt påmeldingssystem for deltararar. Det gode med denne løysinga, er at ein ikkje kan melde seg på utan å betale samstundes. Det gjer oppfylging av innbetaling av deltaravgift mykje enklare. Dette påmeldingssystemet var nytt av året, og medførte også at alle deltararar måtte ha medlemsnummer i FolkOrg for å kunne melde seg på. Det fungerte greitt sjølv om det oppstod nokre problem. Medlemsnummeret til nokre deltararar virka ikkje, andre hadde problem med å legge inn andre deltararar. Desse problema var enkle å løyse då vi hadde god kontakt med FolkOrg som ordna det fort. Vi måtte finne andre løysingar for deltararar som hadde problem med påmelding på nett og sjokoladekappleikdeltarar som ikkje har medlemsnummer i FolkOrg. Dette ble ordna ved at deltarane melde seg på direkte, og betalte inn på kontonummeret til Vestlandskappleiken i etterkant. Det var litt vanskeleg å få alle deltarane til å betale inn, men etter eit par e-postar kom alle pengane inn på kontoen. Det hadde vore praktisk om løysinga til FolkOrg kunne innstilla på å

ikkje krevje medlemsnummer i denne klassen. Då hadde vi vorte sparde for mykje arbeid med oppfølging i ein hektisk sluttspurt.

Vi valde å ikkje opne for etterpåmelding då vi hadde eit svært stramt tidsskjema frå KODE. Det var nokre ettermelde til sjokoladekappleiken, men vi sa nei til deltakarar i dei andre klassane. Ettermelding til sjokoladekappleiken gjekk greitt då denne tevlinga gjekk føre seg parallelt i eit anna lokale, og dermed ikkje påverka startlista i Tårnsalen. Det einaste vi godtok, var ettermelding til allereie eksisterande lag og grupper, då dette ikkje førte til fleire startnummer. Dette fungerte fint då vi hadde informert godt om det i forkant av arrangementet.

5.4 Klassar / deltakarar

Tabell 1. Oversikt over ulike klassar

Klasse	Startnummer
Runddans senior	6
Sjokoladekappleik	33
Hardingfele / fele A	2
Hardingfele / fele B	8
Hardingfele / fele C	10
Lagspel junior	2
Lagspel senior	9
Gruppespel junior	3
Durspel junior	1
Eldre folkemusikkinstrument	1
Vokal A	1
Vokal B	1
Vokal C	1
Pardans A	1
Pardans B	6
Pardans D	1
Halling / laus A	1
Lagdans senior	3
I alt	90

Kappleiken hadde omlag 160 deltakarar og 216 deltagningar utanom sjokoladekappleiken. For på sjokoladekappleiken var talet på deltakarar og deltagningar om lag 40.

Deltakartalet på kappleiken i 2016 enda omtrent på same nivå som dei seinaste åra, ut frå det ein kan lese i tidlegare sluttrapportar frå Vestlandskappleiken.

5.5 Gjennomføring

Tevlinga på laurdag tok til med sjokoladekappleik. Vi vart tidleg samde om å ha sjokoladekappleik som ein del av laurdagen. Dette var fordi vi ser eit gryande folkemusikkmiljø blant born i Hordaland, og vi ønskte å invitere dei med. Nokre dagar før kappleikshelga vart vi fråtekne rommet vi eigentleg planla å gjennomføre sjokoladekappleiken i. Dette førte til at vi måtte ta ei avgjerd om vi skulle arrangera sjokoladekappleiken i eit mindre rom, eller om vi skulle køyre han i same rom som dei andre tevlingane. På grunn av stramt tidsskjema, valde vi å flytte han til eit mindre rom. I byrjinga gjekk dette greitt, men

etter kvart som fleire deltagarar og deira slekt og vener kom, vart det svært fullt i rommet. Sjølv om nokre foreldre gjerne skulle ønskt å ha sitteplass, og det var trøngt i gangen utanfor, var borna imponerte over kor mange som ønskete å sjå dei. Så sidan dette, i følgje tilbakemeldingane, var ei positiv oppleveling for borna – dei som var i sentrum, ser vi på det som ei vel gjennomført sjokoladekappleik med 33 startnummer og 40 deltagarar! Likevel tek vi med oss dei erfaringane vi har gjort, og neste gong veit vi at vi må leggje forholda betre til rette for dei yngste.

Hovudtevlinga fekk og ein tung start. KODE opna ikkje dørene før rett før tevlingsstart. Derfor kom og tevlinga litt seint i gang i høve til oppsett tid, og vi sleit med å halde tidsskjemaet i starten. Vi kom og for seint i gang med merking og klargjering av øvingsrom, og dei frivillige brukte litt tid på å etablere gode rutiner for arbeidet sitt.

Alt gjekk seg til gjennom den første timen. Alle dei frivillige fekk sving på oppgåvene sine. Resten av tevlinga gjekk etter programmet, og vi henta inn tapt tid og vel så det utover dagen.

5.6 Dansespel om kveldane

Dansespelet tok til i Gimle klokka 20.00 kvar kveld, og var meint å vere til rundt klokka 01.00 begge kveldane. Dessverre vart ikkje dette realiteten då det var svært vanskeleg å få lag, grupper og soloutøvarar til å spele. Audhilds og Fjellbekken enda opp med å spele til dans to gongar kvar kveld for å få programmet til å vere litt lenger.

Årsaka til låg interesse for å spele til dans er vanskeleg å forklare. Nokre tok kontakt sjølve, men dei fleste måtte oppmodast. Det var gitt informasjon om at vi hadde behov for spelemenn i god tid, både på Facebook og nettsida. Likevel var det få som melde interesse. Mot slutten, var det òg sendt ut e-post til deltagande lag, men også dette gav liten respons.

Kvar gruppe fekk 30 minutt førebuingstid og 30 minutt på scena kvar økt. Dansespeltidene vart formidla til dei enkelte lag og grupper god tid på førehand, og hengt opp i Gimle fredag/laurdag kveld til informasjon.

6 Sponsing og premiering

6.1 Sponsorarbeid og annonsar

I og med at vi kunne nytte kontorressursane til Bergen ungdomslag Ervingen, valde vi å la kontoret stå for mykje av sökinga om sponsorstønad. Det viste seg å vere vanskeleg å få gjennomslag på søknadane, noko som kan vere grunna i at Bergen er ein stor by med mange kulturaktivitetar. Vi hadde per kappleiksdato berre fått gjennomslag på to søknadar, på til saman 15 000 kroner. I ettertid har vi fått inn 16 000 kroner i tillegg.

Vi tilbydde både logo i programheftet og banner på kappleiksarenaen som takk for økonomisk stønad.

Nettverk er viktig, noko som er mogeleg å sjå på premiane vi fekk sponsa. Det vart teke kontakt med fleire lokale folkemusikarar som hadde ein CD som kunne vere aktuell som premie til deltagarane. Dei fleste sa ja, noko som truleg er grunna i nettverket, og at dei har kjennskap til arrangementet frå før. Vi fekk så mange CD-ar at det blei laga eit premiebord kor dei som fekk CD i premie, fekk velje sjølv kva CD dei ville ha. Dei resterande CD-ane vart sendt attende til sponsorane.

På Hordamønstringa i 2016 i Bergen, vart det gitt konsertbillettar til Columbi Egg og Hardanger folkemuseum, noko som vart godt motteke. Derfor valde nemnda å kontakte desse arrangørane på nytt. I tillegg vart Førdefestivalen kontakta, slik at ein kunne gje gåvebillett knytt til buplassen til vinnarane. Alle konsertarrangørane var særstak positive til dette, og mange konsertbillettar vart gitt ut, til stor glede hos vinnarane.

Vi fekk også sponsa ein del frukt til lagpremiane og sjokolade til sjokoladekappleksdeltakarane. Dette vart gjennomført ved at det vart ringt rundt til butikkar nær kappleksarenaene og spurde om dei ønskte å støtte. Dette var ein lenger og meir krevjande prosess, truleg fordi butikkane ikkje hadde kjennskap til arrangementet frå før. Sjølv om vi fekk ein del frukt og sjokolade, var ikkje prosentdelen så stor med tanke på alle kontakta butikkar. Mange butikkar grunna avslaget med at dei allereie hadde brukt opp sponsorstønaden – noko ein kan sjå i samanheng med at kappleiken vert arrangert seint på året. Dei einaste premiane vi måtte kjøpe, var sjokoladeposar til grupper og lag.

6.2 Premiar

Deltakarpremien til dei yngste var buff. Vi delte ut deltakarpremiane undervegs i tevlinga. For lagklassane var premiane frukt og sjokolade, etter eit ønskje frå Bergen juniorspelemannslag om å gje noko anna enn spekjepølse og flatbrød i premie. Storleiken på fruktkorga vart gradert ut ifrå plassering. Gruppevinnarane fekk kvar sin CD og pose med sjokolade. Premiar til solovinnarar var CD og gåvebillett på ein konsertarena, og 2. og 3. plassen var CD. 1. premie i pardans- og lausdansklassane var også CD og gåvebillett til kvar dansar. 2. og 3. premien i desse klassane fekk ein CD til kvar dansar.

Vi valde å gje premiar til 1/3 av klassen, og maks topp 3, i alle klassar. Alle juniorane fekk deltakarpremie, og dei deltagande på sjokoladekappleiken fekk sjokolade i premie.

Å skaffe premiar er eit arbeid ein må starte med tidleg, i allfall om ein ynskjer å få ein del av dei sponsa. Verdiane av premiane var jamt høge, og omtrent tilsvarande deltakaravgifta. Vi fekk sponsa dei fleste premiane, med unnatak av sjokolade til vinnarane, så utgiftene her var svært låge.

Tabell 2. Oversikt over premiane, både dei vi fekk sponsa og dei vi betalte sjølve.

Klassar	Kva	Tal	Pris per stykk
1. premie soloklassar	Gåvebillett på konsert* og CD*	9	250
2. og 3. premie soloklassar	CD*	4	150
1. premie pardansklassar	Gåvebillett på konsert* og CD*	8	250 x 2
2. og 3. premie pardansklassar	CD* (ein til kvar)	6	150 x 2
1. premie lausdans	Gåvebillett på konsert* og CD*	1	250
1. premie lag	Stor fruktkorg* og sjokolade	2	350
2. og 3. premie lag	Mindre fruktkorg* og sjokolade	2	300
1. premie gruppe	CD* og pose sjokolade	1	200
Deltakarpremie	Buff*		
			* sponsa premie

7 Mat og servering

Matnemnda var på tre medlemer. Nemnda hadde ansvar var å syta for mattilbod til deltakarar, dommarar, dognadsfolk og publikum under Vestlandskappleiken 2016.

Utfordringa for matnemnda var at både tevlingar og konsert/dans var lagt til lokale utan skikkeleg kjøken. Kulturhuset Gimle, der konsert og dans skulle vera, var i ein ombyggingsfase og ingen kunne seia korleis kjøkenfasilitetane ville vera i september/oktober. I Kulturskulen sine lokale visste vi ikkje kva lokale vi ville få tilgang til. Matnemnda måtte difor leggja opp til enkel servering og at storparten av maten måtte vera produsert andre stader.

Utbodet av mat og drikke i Bergen sentrum er stort. Ville det vera behov for eit eige serveringstilbod til kappleiksdeltarane? Kor stor omsetnad kunne vi rekna med? Nemnda la opp til å laga lapskaus fredags kveld og påsmurde rundstykke laurdag føremiddag, elles måtte vi satsa på at nemnda og andre frivillige tok med heimelaga kaffimat.

Nemnda kjøpte inn alle varer ved Bergen Storcash, der Bergen Ungdomslag Ervingen har kjøpekort. Det vart kjøpt inn råvarer til å laga 60 porsjonar lapskaus og pålegg til 200 halve rundstykke. I tillegg til kaffi, te, brus og vaffelrøre måtte ein også ha dekketøy i plast og papp.

7.1 Gimle fredag og laurdag

Det kom på plass ei mellombels kjøkkenløysing før kappleiken, det fungerte godt. Fredag hadde ein tilbod om enkel varm mat (lapskaus med flatbrød)frå kl. 18.00 og utover, i tillegg til kaker og kaffi/te. Matserveringa vart avslutta kl. 22.30. Det vart ikkje opplyst på førehand om at matserveringa vart avslutta, og det kom det klager på.

Laurdag kveld var det berre sal av kaffi/te og kaker. Medlemene i tilskiparlaga hadde med ulike typar kaker og bollar, i tillegg kunne ein steika vaflar på huset. Det var ikkje oppvaskmaskin på kjøkkenet, så vi måtte bruka dekketøy av plast og papp.

7.2 Kulturskulen laurdag

Matnemnda hadde vore med på synfaring på Kulturskulen og sett på lokale våren 2016. Her var det ingen lokale der ein kunne produsera mat (steika vaflar, smørja rundstykke eller liknande), men vi fekk sett på ulike lokale som kunne brukast til sal og sitjeplassar. Matnemnda avtalte med Bergen Off. Bibliotek at vi kunne smørja rundstykke der.

Lokala kulturskulen var vanskelege – for alle. Lokala matnemnda fekk til rådvelde laurdag viste seg å vera endå dårlegare enn vi hadde rekna med. Alt som skulle brukast eller seljast måtte fraktast dit, via tronge heisar og kronglette gangar. Det var ikkje kjøkken, vi disponerte eit lite rom der ein kunne trekka kaffi og setja frå oss litt mat. Nokre bord i gangen var einaste staden å selja mat, og det var dårleg med plassar der folk kunne setja seg ned. Dei fysiske rammene rundt matserveringa var dårlege, men maten gjekk unna.

8 Teknikk og lokale

8.1 Førebuing

Det vart gjort ein munnleg avtale om å disponere lokale til Bergen kulturskole i Strømgaten 19 til vestlandskappleik i desember 2015. Avtalen med KODE vedrørande leige av Tårnsalen, vart inngått skriftleg i same tidsrom. Begge avtalar vart inngådde etter synfaring med høvesvis kulturskulerektor Mardon Åvitsland og medansvarleg for arrangementet, Tina Fure Hayes. Kontaktperson ved KODE for vestlandskappleiken har under heile prosessen vore Andrea Friestad Nyland.

Etter synfaring i Tårnsalen vart det gjort skriftlig avtale med Amatørkulturrådet om utlån av lysanlegg. Dette syntet seg å vere nærmast ubrukeleg i Tårnsalen på grunn av storleiken. Vi kunne også få låne lydanlegg, men sidan vi berre hadde behov for talemikrofon, vart dette ordna internt. Vegger ved sceneinngang vart utlånte frå Bergs maskin. Toppe Blomster stod for pynting av kappleikscenen.

8.2 Rigging før arrangementet

Lokala i Strømgaten 10, samt nokre av romma på kulturskulen vart klargjorde dagen og kvelden før vestlandsappleiken. Sidan Tårnsalen var i bruk kvelden før kappleiken, var det ikkje mogleg å rigge noko der før laurdag morgen kl. 08.00. Stolar, vegger, lyd og lys kom likevel på plass i god tid før kappleiken starta. Det vart sett ut omlag 120 stolar. Vaktlister og plakatar vart også laga dagen før.

8.3 Arrangementet

Rigging i Tårnsalen og kulturskulen gjekk parallelt om morgonen kappleiksdagen. Sidan arrangøren av det parallelkjørte arrangementet ikkje hadde full oversikt over kva rom dei skulle disponere, vart det få øvingsrom til disposisjon i starten av kappleiken. Dette løyste seg utover førermiddagen. Det var totalt 15 øvingsrom i bruk under kappleiken, ti på kulturskulen og fem i Strømgaten 10.

Sidan lokala i kulturskulen kunne verke uoversiktlege for publikum, vart det nødvendig å lage og henge opp plakatar undervegs i arrangementet. Vaktlister for dørvaktene vart også justerte ettersom lokala i Strømgaten 10 vart overflødige mot slutten av arrangementet. Det vart gjennomført tømming av bossposar på toalett og i fellesareal undervegs. Det same galtdt vasking og utsetting av papir på toalett. For å vere effektiv, vart vasking utført med eingongsserviettar til dette formålet. Nedrigging gjekk raskare enn opprigging, då det var fleire personer som hjelpte til med dette.

I september 2016 vart nemnda gjort merksame på at nokre lokale ved kulturskulen var utleigde til eit anna arrangement kappleikslaurdagen. Etter kontakt med kulturskulen fekk nemnda opplyst at det truleg ikkje fekk følgjer for kappleiken. Det var då for seint til å finne nytt lokale. Som kompensasjon for færre øvingsrom, fekk vi disponere dei ledige romma i 3.etg. på kulturskulen utan å betale leige. Vi fikk også vederlagsfritt låne lokale av Bergen kommune i Strømgaten 10. Dette medførte at dei eldste deltagarane måtte losast over på andre sida av gata. Dette var ikkje ideelt, men likevel nødvendig.

Kort tid før kappleiken vart nemnda informert av arrangøren for det andre arrangementet også kom til å nytte dei to største romma på kulturskulen. Dette medførte ein del utfordringar med omsyn til kafédrift, felles oppholdsrom, øvingsrom og lokale for sjokoladekappleiken. I ettertid ser vi at ei skriftleg kontrakt med kulturskulen hadde vore nødvendig for å unngå kollisjon med andre arrangement.

9 Økonomi

9.1 Arbeidsoppgåver

- Lage budsjett for kappleiken, revidere under vefs
- Skaffe sponsorar
- Legge opp billettering og skaffe terminalar
- Instruere billettseljarane
- Skaffe vekslepengar og sørge for at det var nok veksle undervegs
- Ta dagsoppgjer
- Fakturere sponsorar og arrangørar og betale rekningar
- Føre rekneskapen for kappleiken og redigere rapport

9.2 Mål for økonomisk resultat

Det vert lagt ned mykje dognadsarbeid i planlegging og gjennomføring av ein vestlandskappleik. Det er derfor rimeleg at dei tre skiparlaga bør sitje att med litt midlar etter tilskipinga. Vi sette oss difor eit mål om at kvar av dei tre laga skulle sitje att med kr 20 000. Dette var eit høgt ambisjonsnivå, så vi valde å budsjettet med eit meir moderat samla resultat på 43 000 kr.

9.3 Budsjett

Inntektssida: Vi tok utgangspunkt i tidlegare kappleikar, både kappleiken på Osterøy i 2012 og kappleiken i Førde i 2013 vart nytta til utarbeiding av budsjettet. Etter at prisane for dei ulike arrangementa vart fastsette tidleg i planleggingsfasen, vart det laga estimat for dei ulike gruppene av venta publikum og for deltakaravgift. Det vart også lagt inn tilskot i tråd med det som var oppnådd tidlegare. Det same galdt andre sponsorinntekter og annonseinntekter. Vi avgjorde tidleg at vi ikkje skulle søkje om skjenkeløyve og servere alkohol då dette ikkje var aktuelt når vi valde Gimle som lokale. Dette ville setje ned inntektspotensialet noko. Sal av mat og drikke visste vi kom til å bli vanskeleg med dei lokala vi hadde valt. Ombygging i Gimle med enkelt midlertidig kjøken avgrensa kva som kunne serverast. I lokala i kulturskulen og KODE var tilhøva om mogleg endå vanskelegare, så vi var forsiktige med budsjettering. Mange av postane på inntektssida var usikre, så vi satsa på å halde kostnadssida så låg som råd.

Kostnadssida: Vi brukte rekneskap for tidlegare kappleikar, vurderte kva som var realistisk for ein kappleik i storbyen. Utgifter til lokale kom til å vere høgare enn for kappleikar i distriktet. Elles baserte vi kostnadene på alle postar ut frå føresetnadene for arrangementet. Budsjettet vart revidert ved fleire høve på møte i hovudnemnda etter kvart som vi fekk nærmare oversikt over dei ulike postane.

Tabell 3. Første budsjettutkast frå desember 2015

BUDSJETT VESTLANDSKAPPLIKEN 2016		BUDSJETT 2016
INNTEKTER		
Deltakarvgift		30 000,00
Sal av mat og drikke		20 000,00
Sponsorinntekter		20 000,00
Tilskot		25 000,00
Annonseinntekter		10 000,00
Billettinntekter		30 000,00
Anna		5 000,00
Sum inntekter		140 000,00
UTGIFTER		
Deltakarband m/trykk		3 000,00
Premiar		10 000,00
Program (utforming, trykk)		10 000,00
Innkjøp til matsal		10 000,00
Annonsar		5 000,00
Teknisk (lyd, lys)		5 000,00
Leige av lokale		15 000,00
Dommarar (reise og overnatting)		20 000,00
Avgifter		1 000,00
Div. uføresett		10 000,00
Sum utgifter		89 000,00
Resultat		51 000,00
Fylkeslag i arrangørfylket, 15% av overskot		7 650,00
OVERSKOT		43 350,00

9.4 Budsjettarbeidet utover i perioden

Etter kvart som vi fekk betre oversikt over dei ulike postane, justerte vi budsjettet. Dei viktigaste endringane som vart utførde på inntektssida, var at vi fekk svært lite tilslag på tilskotssøknader. Vi justerte også ned kostnadene der vi meinte det var rom for innsparing. Etter at første fristen for påmelding gjekk ut, var det svært få påmeldte, og vi laga eit krisebudsjett der målet vart justert ned til å gå med overskot. Kostnadene vart skorne ned til beinet, og vi jobba med å få sponsorar til premiar og elles fjerne det vi meinte vi kunne av unødvendige kostnader.

9.5 Billetsal

Tabell 4. Oversikt over billetsal og deltaking

Arrangement	Tal selde billettar
Fredag kveld vaksne	25
Fredag kveld ungdom	0
Laurdag dag vaksne	93
Laurdag dag ungdom	13
Laurdag kveld vaksne	23
Laurdag kveld ungdom	
Heile helga vaksne	13
Heile helga ungdom	
Deltakarar	160
Deltakingar	256

9.6 Resultat

Den andre fristen for påmelding var 15. september, og det kom inn mange påmeldingar i første halvdel av september til ein høgare pris. Dessutan kom det også mange innbetalingar etter siste fristen utanom systemet til FolkOrg. Det vart dermed meir inntekter enn budsjettet på deltakaravgifta. Bilettinntekter frå publikum vart 20 % høgare enn budsjettet. Sal av mat og drikke vart lågare enn budsjettet, her var det hovudsakleg vanskelege forhold i lokalene som var årsak. Vi fekk inn ein del sponsorar på slutten og dessutan fleire annonsar. Inntektssida enda 7 % under budsjettet i første utkast.

Kostnadssida vart lågare enn budsjettet. Utgifter til lokale vart lågare mest fordi kulturskulen ikkje tok leige grunna at vi ikkje fekk dei lokalene vi var lova. Trykking av program vart sponsa, det same vart blomar og store delar av premiane. Domarutgiftene vart også lågare då det var mange som ikkje trong overnatting. Dessutan vart det valt rimelege løysingar på alle felt frå bilettblokker i staden for band til kveldsarrangementa til at vi kjørte utan lydanlegg i KODE og Gimle.

Vi enda opp med eit overskot på nærmare kr 80 000, noko som var 84 % over budsjettet. Vi seier oss godt nøgde med det økonomiske resultatet som enda med kr 22 649 til kvart av arrangørlaga, litt meir enn det hårete målet vi sette på første nemndmøte.

Tabell 5. Rekneskap Vestlandskappleiken 2016

Kontonummer	Konto	Sum
Inntekter		
3014	Tilskot Bergen kommune	5 000,00
3020	Andre tilskot	26 000,00
3100	Billettsal	36 370,00
3110	Deltakaravgift	47 150,00
3200	Matomsetning	11 728,00
3900	Annonseinntekt	3 000,00
3910	Sponsorinntekt	1 000,00
Sum inntekter		130 248,00
Utgifter		
4010	Matutgifter VK 2016	7 467,07
4500	Konserthonorar	8 000,00
5000	Dommarutgifter	10 894,20
5500	Innleigde tenester	3 600,00
6300	Leige av lokale	17 100,00
6560	Rekvisita	1 120,00
7420	Premiar	1 403,48
7790	Gebyr	724,90
Sum utgifter		50 309,65
Overskot		79 938,35
Overført HFL 15 % av overskot		11 990,75
Til fordeling mellom laga		67 947,60
Utbetalt kvart lag		22 649,20

9.7 Praktiske erfaringar

Med to ulike lokale hadde vi ein del praktiske utfordringar med transport av billettar og vekslepengar fram og tilbake. Vi hadde ein kontantkasse for matsal og ein kasse for billettar.

Dessutan var det utfordringar ved bruk av betalingsterminal i dei ulike lokala då ein måtte ha tilgang til nettverk. Vi nytta terminal for billettsal, medan madsalet berre hadde kontantsal. Bruk av terminal kostar litt, men det ville vere ein stor fordel dersom ein i framtida slapp å handtere så mykje kontantar. Ved bruk av terminal er det viktig at ein har eit så godt og stabilt system at det ikkje oppstår stopp i betalingane. Opplæring er også viktig, det var ein del feilinnslag på terminal som måtte betalast ut kontant frå kassen. Dessutan var det vanskar med å halde kontroll med selde billettar i og med at halvparten gjekk over terminal og resten kontant. I og med at vi ikkje fekk utskrift frå terminal før etter mange dagar, var det umogleg å vite om bilettkassane stemde etter kvar dag. Utlevering av feil band til sjokoladedeltakarane skapte også stor manko i kassen. Det er derfor viktig med god informasjon til billettseljarane og å ha kriseløysing klar dersom terminalen ikkje fungerer. Billettsalet gjekk greitt, det var stort sett ikkje behov for meir enn ein person. Alle deltakarane hadde betalt på førehand. Det forenkla jobben for billettseljarane.

10 Oppsummering

Kveldsarrangementa fungerte slik vi hadde planlagt. Gimle viste seg å vere ein veleigna stad for desse arrangementa. I tillegg til Storsalen, hadde vi rom for kafè i 2. etasje og øvingsrom i 3.etasje.

Stemninga var god begge kveldar, gjennomføringa glei godt, og vi fekk særslig god tilbakemelding på tilbodet av dansespel. Også positiv tilbakemelding på alkoholfritt danselokale

Vi fekk gjennomført alle informasjonstiltaka vi hadde planlagt, med unntak for blest gjennom lokale media. Slik sett er vi godt nøgde med det vi fekk gjort. Vi var tidleg ute med dato, slik at interesserte kunne setje helga til kappleik.

Vi er meir usikre på kor godt vi nådde fram. Deltakartartalet vart omlag som venta, men publikumsframmøtet vart kanskje noko lågare enn venta. Ein skulle tru at fleire tok seg ein bytur når det er kappleik i Bergen, men kanskje årsaka til dette var at dei fleste som reiste, også deltok. På den andre sida var det mykje publikum på sjokoladekappleiken, noko som kan tyde på at det største publikummet er foreldre og besteforeldre. Omlag ei veke før påmeldingsfristen gjekk ut, hadde vi fått mykje lågare påmelding enn venta. Det ordna seg heldigvis dei siste dagane.

I ettertid ser vi at vi kunne vore enno meir pågående enn vi var, både gjennom elektroniske kanalar og gjennom personleg kontakt.

Tårnsalen fungerte godt som kappleksarena. Akustikken var god. Deltakarane spelte akustisk, og programleiarane brukte talemikrofon. Det er likevel litt problematisk å skipe til tevling i eit galleri med dei strenge sikringsreglane som ein har der.

Tilhøva i lokala til kulturskulen vart krevjande. Vi måtte konkurrere om plassen med eit anna arrangement på same tid. Det vart heilt annleis enn vi hadde vona, og det var mykje av årsaka til den vanskelege oppstarten.

Det vi hadde kontroll på, glei fint, men vi skulle hatt betre kontroll og bindande avtalar med kulturskulen og KODE.

Å lage ein god søknad gjev godt resultat, men det er endå meir effektivt å ta ein telefon eller ta personleg kontakt med dei ein ønskjer stønad frå. Det er svært viktig å nytte lokalkjennskap og eigne nettverk.

Det vart tidleg bestemt kven som skulle ha ansvaret for premiane, men det var likevel viktig at alle deltok, og nytta kontaktane sine slik at vi kunne få sponsa flest mogeleg av premiane.

Dei fysiske rammene gjorde det vanskeleg å planleggja, og dels å få til, matservering under Vestlandskappleiken 2016. Ombygginga i Gimle var utanom kappleksnemnda sin kontroll, men der fungerte mattilbodet brukbart. Forholda i kulturskulen var vanskelege for mange.

Det økonomiske resultatet vart betre enn budsjettet. Hovudårsaka var god kontroll med kostnadssida.

Av ting vi kunne gjort betre, var å utnemne ei undernemnd for marknadsarbeid tidleg i planlegginga. Arbeid med å skaffe sponsorar, premiar og annonser krev mykje tid, og arbeidet bør vere gjort unna før den hektiske tida inn mot kappleiksstart.

